

## **Forslag til «Kommunal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Voss herad» gjeldande frå 01.01.2020.**

### **Prosjektrådmann si innstilling:**

Forslag til lokal forskrift om Vass-og avløpsgebyr i Voss Herad vert sendt på høyring med høyringsfrist xx.xx.2019, jf. forvaltningslova § 37.

### **Samandrag av saka:**

Det er utarbeidd forslag til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Voss Herad. Det vert foreslått å etablera ei gebyrsone for vatn og avløp i Voss Herad.

### **Fakta om saka:**

Voss kommune og Granvin herad skal slå seg saman til Voss herad fra 1. januar 2020. Det nye heradet har behov for ei felles lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr. Ei arbeidsgruppe med juridisk bistand frå advokatfirmaet Guttorm Jakobsen AS, har utarbeidd forslaget til ny forskrift om vass- og avløpsgebyr. Forskrifta vil danne grunnlaget for et nytt felles gebyrregulativ for Voss herad.

Føremålet med forskrifta:

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel.

Rettferdig: Gebyra skal gjenspegle dei ulike brukarane sitt kostnadsnivå på best mogleg måte.

Tydeleg: Forskrifta skal være lett å lesa og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege formuleringar.

Fleksibel: Forskrifta viser til årlege heradsvedtak for størrelsen av gebyret (gebyrregulativ).

Det vert etablert eit gebyrområde for heile Voss herad, det vil sei at prisen på vatn og avløp er den same uavhengig av kvar du bur i heradet.

### **Juridisk grunnlag:**

Grunnlag for kommunale vass- og avløpsgebyr vert fastsett i kommunal forskrift. Frå 2012 er kommunens rett til å krevje inn vass- og avløpsgebyr heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Forureiningslova frå 2004 fastsett dei overordna rammene for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkrevjing.

Vass- og avløpsgebyra bygger på sjølvkostprinsippet, det vil sei at heradets kostnader med tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyr som abonnentane betaler.

## **Konsekvensar for abonnentane:**

### **Voss kommune:**

#### **Fastledd**

Satsane er lik for heilårsbustadar og næring. Fritidsbustadar har fått ei auke på ca. kr 313,- for vatn og kr 418,- for avløp, på grunn av høgare driftskostnader for å tilby tenesta.

#### **Stipulert forbruk**

Regelverket understrekar at det stipulerte forbruket i størst mogleg grad skal tilsvara eit reelt forbruk. I dagens gebyrregulativ for Voss kommune stipulerast heilårsbustadar til et årleg forbruk på 1,04 m<sup>3</sup> vassforbruk pr. m<sup>2</sup> bruksareal. Dette har over tid vist seg å vera for lågt, og ein har derfor valt å justere dette til 1,2 m<sup>3</sup> vassforbruk pr. m<sup>2</sup> bruksareal. Endringa er gjort slik at det skal vera meir rettvist mot abonnentar som betalar etter målt forbruk og er i samsvar med Norsk Vann si tilråding.

#### **Målt forbruk**

Satsane for bustadar og næringsbygg er lik som eksisterande satsar for Voss Kommune 2015-19.

#### **Tilknytingsavgift (eingongsavgift)**

Tilknytingsavgifta har lege stabilt på kr 5000,- for vatn og kr 5000,- for avløp dei siste årene. Avgifta har vore låg for å skape insentiv for å knyta seg til det offentlege vass- og avløpsnett. Denne vert justert for dekke reell kostnad.

### **Granvin herad:**

#### **Fastledd**

Ny struktur.

#### **Stipulert forbruk**

Delvis ny struktur, med redusert kostnad.

#### **Målt forbruk**

Redusert kostnad.

#### **Tilknytingsavgift (eingongsavgift)**

Ny struktur, med redusert kostnad.

## **Oppsummert:**

For Voss Kommune vil avgiftsnivået for bustadar og næringsbygg vere som i dag, med nokre mindre justeringar.

Granvin Herad får ein gjennomgåande reduksjon i avgiftsnivået for vatn og avløp.

**Vedlegg:**

01 Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Voss herad.

02 Grunnlag for gebyrfastsetjing

03 Forslag gebyrsatsar

04 Samanstilling gebyrsatsar